

Kommunar med nynorskskular  
v/ skulesjefen og utvalet med ansvar for skulane

Oslo, 31.05.2018

*Fråsegn vedteken av landsstyret i Norsk Målungdom:*

## Nynorskelevar treng lærarar som kan nynorsk

Når kommunar søkjer etter nye lærarar, er det mange omsyn å take. Kva fag treng ein på dei ulike skulane, kva arbeidsoppgåver høyrer til stillinga og kva kvalifikasjonar er ynskjeleg? Likevel er det ein kjernekompetanse som ofte vert gløymd når ein lyser ut stillingar på nynorskskular: nynorskkompetansen.

Konsekvensane av dette kan vere alvorlege. Det som ikkje er nemnt, vert ofte gløymt og i verste fall kan ein tilsetje lærarar som ikkje meistrar nynorsk. Mange lærarstudentar lærer ikkje nynorsk i utdanninga si, og mange manglar dermed denne kompetansen til å undervise i nynorskområde. Om kommunar med nynorskskular legg til ei setning i stillingsannonsene sine, kan dei vere med å bøte på desse utfordringane. Ei slik setning kan vere: «Dette er ein nynorskskule, og ved elles like kvalifikasjonar vert søkjarar med nynorskkompetanse prioritert over søkjarar utan slik kompetanse.»

Synleggjering av at nynorskkompetanse er nyttig og trengst i Skule-Noreg, vil gje positive ringverknader. Det kan bidra til å løyse problemet at lærarstudentane ikkje lærer nynorsk i utdanninga si. Lærestadene fylgjer med på stillingsannonsane, og freistar å gje lærarstudentane den kompetansen skulane ber om. Lærarstudentar vil sjå at nynorsk opnar for fleire jobbar, og få ekstra motivasjon til å lære seg språket skikkeleg. Då aukar sannsynet for at nynorskelevane får kompetente lærarar.

Ei lita setning kan gjere stor skilnad for nynorsken og nynorskelevane. Difor krev landsstyret i Norsk Målungdom at kommunar med nynorskskular vedtek å prioritere lærarar med nynorskkompetanse.

På vegner av landsstyret i Norsk Målungdom



Fredrik Hope  
leiar

